

OMSUT FOR DØYANDE

Det som følger, er inga «ordning», men ymse ledd og element ordna etter kvarandre i ei viss sakleg-kronologisk følgd.

Liturgien har Bibeltekst frå Bibel 2024 og Faervår fra 2011

A | **Inngang**

L Herrens fred vere med deg.

B | **Bøner**

- 1 Allmektige Gud, sjå i nåde til (**namnet vert nemnt**) , (som du gjorde til ditt barn i den heilage dåpen). Ver nær hjå han i denne stunda, så han kan vera trygg hjå deg. Gjev han tillit til di miskunn, og ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

- 2 Du Guds Lam - lese eller sunge tre gonger, med denne kol- lektbøna til avslutning:

Vi takkar deg, Gud vår Far, fordi du har gjeve oss din ein- bome Son, Jesus Kristus, så kvar den som trur på han, ikkje skal fortapast, men ha evig liv.

Vi takkar deg, Herre Jesus Kristus, fordi du har bore våre synder på din heilage lekam og med ditt blod sletta ut alle våre misgjerningar.

Vi takkar deg, du Heilage Ande, fordi du har gjeve oss den trua i hjarto våre at Jesus Kristus er vår einaste berging og frelse.

Gud, gjev-oss din nåde, så vi fullt og fast kan tru at alle våre synder er tilgjevne for Jesu Kristi liding og døds skuld.

Styrk (**namnet vert nemnt**) ved din Heilage Ande, og hald han fast hjå deg, til han får sjå deg åsyn til åsyn i det evige liv. Det bed vi (alle) i vår Herre Jesu namn.

C | **Minne- og trøysteord**

T.d. Salme 23, Salme 73,23-26 og Joh 14,1-7. Sjå elles «Ei lita hønebok» side 44-49 i «Tekstane i kyrkjeåret» (1990, 1991), «Bøneboka» (1991) side 177-184.

D | Overgjeving i Guds hender

Under overgjevinga kan liturgen gjerne halda handa på hovudet til den døyande, medan eitt eller fleire av dei følgjande orda vert lesne:

- 1 (Namnet vert nemnt), vi overgjev deg til Gud som skapte deg; vi bed at Kristus, verdsens Frelsar, må koma deg i møte når du går bort frå dette livet.
- 2 Du Guds barn, gå heim til huset åt Far din - i namnet åt Faderen, han som skapte deg, - i Jesu Kristi namn, han som løyste deg ut, - i namnet åt Den Heilage Ande, han som ved dåpen og trua er utrent over oss. Må du få kvila i fred og bu hjå Gud i all æve.
- 3 Herre Jesus Kristus, fri (namnet vert nemnt) frå alt vondt og løys han frå alle band, så han kan gå bort frå denne verda med din fred.
- 4 Miskunnsame Gud, milde Far. Veike og hjelpelause som vi er, ropar vi til deg (for denne tenaren din/ dette barnet ditt). Vi overgjev han og livet vårt til deg, som skapte oss, i tillit til dine lovnader i Jesus Kristus, din Son, vår Herre.
- 5 I dine hender, nådige Frelsar, overgjev vi (din tenar/ ditt barn) (namnet vert nemnt). Vi bed deg at du må kjennast ved han som ein av dine, som ein lem på din lekam, som ein syn- dar du sjølv har løyst ut. Ta imot han i dine miskunnsame armar, og lat han koma inn til den evige kvila og i den store skaren av dine utvalde og heilage.
- 6 «I dine hender, Herre Gud», sjå Norsk Salmebok 936.

E | Simeons lovson

Herre, no lèt du tenaren din fara herifrå i fred,
slik som du har lova.

For mine auge har sett di frelse,
som du har gjort i stand like for andletet på alle folk,

eit lys til openberring for folkeslaga
og til ære for folket ditt, Israel. [LUK 2,29-32](#)

F | Herrens bøn

Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

G | Velsigning

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠